

RETNINGSLINJER FOR STØTTE TIL UTDANNING:

Bakgrunn:

Strategisk kompetanseplan (SKP) for pleie- og omsorgstenesta vart vedteken i kommunestyre den 4. april 2013. Retningslinjer for økonomisk støtte og tilrettelegging for utdanning og vidareutdanning skal vere i samsvar med pleie- og omsorgstenesta sitt behov for kompetanse og i tråd med målsettingane for tenesta.

Prioriterte satsingsområde innan pleie- og omsorgssektoren for 2013 - 2016 tek utgangspunkt i sentrale og lokale styringsdokument. Tilbod om kompetanseheving for tilsette er viktig i kommunen sin arbeidsgjevarepolitikk. Det bør vere lik praksis for tilrettelegging innanfor heile kommunen, samstundes som det må vere høve til å gjere individuelle vurderingar.

Som hovudregel vert det stilt krav til fagkompetanse ved tilsetting i fast stilling i kommunen. Dei som ikkje tilfredsstiller krava til fagkompetanse må forplikte seg til å ta påkrevd utdanning for stillinga innan to år frå tilsetting eller etter nærare avtale med driftsleiar. (Gjeld ikkje reine helgevaktstillingar under 20 %).

Med bakgrunn i SKP for pleie- og omsorgstenesta og saksprotokoll frå K-sak nr. 14/2013 den 4. april 2013, vart prinsipp for kompetanseutvikling vedtekne. Administrasjonssjefen er gitt mynde til å avgjere korleis utdanningsløp for einskildpersonar skal finansierast og gjennomførast.

Eit hovudprinsipp er at kommunen sine behov skal vere styrande for val av utdanning som vert godkjent med økonomisk støtte og/eller permisjon med løn frå kommunen.

Det er personalavdelinga ved kommunalsjef som avgjer søknad etter tilråding frå driftsleiar. Midlar til utdanninga går frå eininga sitt budsjett, om ikkje anna er avtalt.

Med utgangspunkt i K-styret sitt vedtak gjer Administrasjonsutvalet følgjande framlegg til retningslinjer:

1. For å få støtte til utdanning må ein i utgangspunktet vere fast tilsett i minst 50 % stilling og ha vore tilsett i kommunen i eitt år eller meir. Det kan gjerast unntak når dette er viktig av omsyn til kompetansebehovet i kommunen. (Sjå krav til praksis for søkjarar til helsefagarbeidar, pkt. 10)
2. Administrasjonssjefen vert gitt mynde til å vurdere tilskot til søkjarar som ikkje fyller krava som nemnd i punkt 1.
3. Søkjar som får økonomisk støtte til utdanning, må pårekne å nytte kompetansen der kommunen har behov for det. Søkjar som ynskjer å stå fritt kan få permisjon utan løn og økonomisk støtte (jf. permisjonsreglane)

4. Som hovudregel skal deltakarar fullføre på normert tid eller dekke ekstra utgifter ved forlenging av studieløpet.
5. Bindingstid til kommunen vert som følgjer:
 - 3 årig høgskuleutdanning: 2 år
 - 1 årig fagskuleutdanning: 1 år
 - 60 stp: 1 år
 - Masterutdanning: 2 år
6. Deltakarar som ikkje fullfører skal som hovudregel betale tilbake kostnader kommunen har hatt i form av direkte utbetaling og/eller innleie av vikar.
7. Fagskuleutdanning, høgskuleutdanning, vidareutdanning o.a. kvalifisering som er godkjent frå eininga v/ driftsleiar vert å dekke som følgjer:
 - Permisjon utan løn ved heiltidsstudie
 - Kommunen kan dekke utgifter som følgjer
 - Overføre eventuelle kompetansemidlar direkte til søker, alternativt:
 - Gi permisjon med løn inntil 10 dagar pr. semester ved deltidsstudier/under samlingar på vidareutdanning
 - Permisjon med løn på eksamensdag(ar) og inntil to lesedagar (jf. reglement)
 - Dokumenterte reiseutgifter etter rimelegaste alternativ, maks kr. 2 000,- pr. semester.
 - Dekking av dokumenterte utgifter til faglitteratur med inntil kr. 5 000,- .
 - Dekking av dokumenterte utgifter til semesteravgift

8. Utdanning med krav til praksisveker

Til vidareutdanningar som krev ekstern praksis og der kommunen får støtte via fylkesmannen sine kompetansemidlar, må ein vurdera å gi permisjon med løn i inntil 3 veker over 2 år. Det resterande må den einskilde dekke sjølv. Permisjon utan løn vert innvilga i tillegg, jf. permisjonsreglementet og krav til praksis i utdanninga.

9. Det skal kunne gjerast individuelle vurderingar av dei søknadane som kjem inn med utgangspunkt i kommunen sitt behov for kompetanse.

10. Særleg om helsefagarbeidarutdanning

Kravet for å gå opp til fagprøva som helsefagarbeidar er på 8700 praksistimar. Dette tilsvarar 5 år i full stilling. Dette gjeld dei som ikkje har rettar eller kan følgje det ordinære løpet i vidaregåande skule, eventuelt sjølv ynskjer å følgje undervisning gjennom andre aktørar enn vidaregåande skule. Kravet er forankra i opplæringslova og læreplanen og i tråd med nasjonal standard for praksiskandidatar. I tillegg skal kandidatane fylle kompetansemåla i læreplanen som i praksis inneber at kandidaten må ha vore innom dei vesentlege områda som vert kravd, jf. læreplanen. Krav for å få støtte frå kommunen til å ta utdanning som helsefagarbeidar:

- a. Deltakar som ikkje kan følgje utdanningsløp innan vidaregåande skule må i utgangspunktet ha minimum 3 år praksis eller ca 5000 timar innan helse- og omsorgstenester når ho startar på utdanninga
- b. Deltakar melder interesse for utdanninga til driftsleiar og avklarar oppstart med leiar
- c. Deltakar avtalar gjennomføring av praksisløpet med driftsleiar før oppstart
- d. Driftsleiar plukkar ut deltakarar frå si eining